

STATENS VEGVESEN  
Postboks 874  
5807 BERGENDato: 03.09.2018  
Vår ref.: 2015/4672-11  
Saksbehandlar: gunradd  
Dykkar ref.:

## Uttale om gang - og sykkeltilbod mellom Hoshovde og Hosanger - Reguleringsplan - Gnr. 87 bnr. 14 m.fl. - Hoshovdestølen - Osterøy kommune

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld rekkjefølgekrav om å etablere trygge tilhøve for mjuke trafikantar for strekninga Hoshovdstølen til Hosanger sentrum i reguleringsplanen for nytt bustadfelt med 30 bueiningar, Hoshovdestølen.

Vi viser til Statens vegvesen sitt brev datert 25.05.2018 der et vert uttrykt bekymring til alternativ løysing for gang/sykkeltilbod. Dersom ei slik løysing skal kunne godkjennast må det settast krav til følgjande:

- Det alternative tilbodet må driftast og vedlikehaldast av kommunen
- Tilbodet må ha ei breidde på 3 meter for at drift og vedlikahald skal vere mogleg
- Tilbodet må tilfredstille krava til universell utforming
- Tilbodet må framstå som attraktivt som skuleveg, ved at det mellom anna ikkje er ein omveg

Samferdselsavdelinga vil og trekke fram følgjande retningslinje i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017 – 2028* som vil vere styrande for etablering av bustader på Hoshovdestølen:

*5.4 Nyare større bustadområder (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskole og kollektivstopp.*

### Samferdselsavdelinga sine vurderingar

Spørsmålet i denne saka er knytt til krav til standard på gang/sykkeltilbodet. Statens vegvesen legg til grunn at løysinga er i tråd med vegnormalane. For utbyggar vil dette vere kostbart, og dei ønskje å etablere ein alternativ løysing som ikkje følgjer fylkesveg 57. I fylkeskommunen vart saka handsama i fylkesutvalet den 30.03, og det vart gjort følgjande vedtak.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet – 30.03.2017

*Innstillinga vart samrøystes vedteken.*

#### Vedtak

1. *Fylkesutvalet stiller seg bak at det vert etablert ei alternativ løysing til gang- og sykkelveg som ikkje går langs fylkesvegen. Den alternative løysinga må framstå som ein attraktiv skuleveg.*

*Fylkesutvalet vil peike på at både nedre trasé og Åsen vert vurdert, men vil påpeike at alternativ 1, nedre trasé, kan synest mindre trafiksikker, blant anna ved at den ikkje synes å gå heilt inn til Hosanger.*

2. *Fylkesutvalet legg til grunn at fylkeskommunen ikkje får ansvar for drift og vedlikehald for den alternative løysinga.*
3. *Fylkesutvalet set krav til utforminga av det alternative tilbodet, ved at den må:*
  - *Vere universelt utforma*
  - *Det kan akseptast ned mot 2,5 meters breidde – ha fast dekke*
  - *Ha god belysning*
  - *Vere rassikra, og sikrast for stein-/snøsprut frå fylkesvegen*
4. *Fylkesutvalet legg til grunn at ei etablering av ei alternativ løysing ikkje binder fylkeskommunen til eit framtidig ansvar for skoleskyss langs strekninga på bakgrunn av «farleg skuleveg».*

Samferdselsavdelinga legg til grunn at vedtaket vert følgt opp av planansvarlege. Dersom Statens vegvesen vurderer at vedtaket ikkje tilfredstillar krava til trafikktryggleik kan det rettast motsegn mot planen med bakgrunn i etaten sin sektormynde for trafikktryggleik.

Torill Klinker  
seksjonsleiar

Gunhild Raddum  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Arkitektgruppen CUBUS  
Osterøy kommune